

Fut i Senja Nils Mortensens

"En i kort sannferdig melding" 1685.

Utdrag av Ottar Sandnes' artikkel i Håløygminne hf. 3 1951.

TRONDARNES er eit stort gjeld i Senja futeri. Der er 13 kyrkjer og eit krosshus som blir passa av 7 prestar og ein huskappelan. Det strekkjer seg i lengda sør nord 8 mil og så ut til hav og fjordar. Det er det aller nordlegste prestegjeld som der veks korn i, og det har fylgt bispane fra munkane si tid.

Munkane har bygt den vene store Trondarnes kyrkje og residens, og har samla ved avlat og messer om lag 180 våger jordegods, heri ikkje medrekna dei om lag 12 våger som prestane har innkome av; likevel blir halvparten rekna til kyrkja. Bispen har inkomene av alt saman med tienden til kyrkjene og prestane, og han held 4 kyrkjer ved like og alle kyrkjer med brød og vin.

I gamle dagar, for om lag 100 år sidan, har bispane residert her kvar 3dje år, og då er kapitelsaker avgjort i alt geistelig arbeide fra Vardøhus 50 norske mil til Trondarnes saman med saker frå Helgeland, der nokre av kannikane budde. Frå Trondarnes til Trondheim er 60 mil.

TRONDARNES hovudkyrkje blir halden ved like av bispen og passa av visepastorar, som held gudsteneste der kvar helgedag. Bispen løner han med 30 våger fisk, 1 våg rav, 2 tunner korn og 1 våg ost, han brukar residensen som er 4 våger, og har inkomene av 3 små jorder på om lag 1 pund eller 1/2 våg. Av dei tar presten alt, landskyld, leding, tiender, skatt "och aldt Udgiel", haustfisk i 3 månader 8br. 9br. 10br., der til offertall av Trondarnes soknealmuge og kva meir bøndene vil gjeva han, til og med offer ved utferd og kyrkjegang og anna for arbeidet hans.

KVÆFJORD, ei kyrkje av tre, er den andre som bispen held med tjere og bygning. Ho blir passa av ein residerande, som held gudsteneste kvar helgedag. Presten har ikkje meir av den biskopelege retten enn Rå prestegard på 2 våger landskyld og kva anna som fell for hans embete. Bispen let oppebera landskyld og alle slags tiender, og offertollen til det kongelege påbod av 1684 kom. Sidan har almugen ikkje svara offertollen av di han gjev presten til opphald 1 våg eller 2 pund fisk årleg av kvar mann. **SAND**, ei trekyrkje er den tredje kyrkja bispen held med bygning. Ei mil utanfor uti øyane på Nergard er eit krosshus som er bygt og blir halde vedlike av almugen. Ein prest tener her ikkje meir i løn enn prestegarden Altvik av 2 våges landskyld og det same som er opprekna for Kvæfjord. **IBESTAD** i Astafjord, ei steinkyrkje, er den 4de kyrkje bispen held med tjere og bygning. Der nord ved landsida er tre kyrkjer av tre, Hamn, Tranøy og Lenvik kyrkjer, som bøndene byggjer og holder ved like. Her gjer to prestar tjeneste, ein residerande og ein huskappelan, kvar helgedag heime og i dei andre kyrkjene skiftesvis. Residerande må halde huskappelanen med mat og drikke, hus og varme og i løn svara han 10 rdl., og han har ikkje meir att enn Ibestad prestegard av 3 vågs

landskyld og det bøndene etter gammel sedvane vil gjeve han, ikr. 1 våg eller 2 pund fisk. men no då bonden er fattig og utarma, blir same gamle lovnad depotert. Eg meimer at bispen, som får tienda og landskylda til kyrkja og presten, bør løna presten og kapellanen hans.

YTRE SENIA er berre fiskevær og har ei kyrkje i **TORSKEN** og ei i **GRYLLEFJORD**. Dei blir bygde og haldne ved like av almugen som ror der. Ein prest gjer teneste her. Her bur berre husmenn og fiskarar, og det finst ikkje jorder, utan langt der ifrå 1 mil eller 2 nokre som likevel ikkje har utsæd. Presten har inga jord, berre nokre engsletter som gjev fôr til ei ku eller 2, høgst 3. Den fåtalige almugen, ikring 20 eller 30 mann, gjev presten 1 våg, andre 2 pund. Almugen som søker hit straks etter jul til torskefisket, dei gjev presten fjerefisk, 1 sperre eller 2 fiskar (ikring 6 eller 8 mark fisk) av kvar mann på båten. Etter som åra er kan der ro 150, 200, 250, høgst 300 båtar, og til vanleg er der 4 mann på kvar båt. Av bispen får presten innkomene av tre båtar, ein i Torsken, ein på Kongsnes og ein i Gryllefjord, og hermed meiner ein tiendeparten av det dei tener. Dei to partar får presten og kyrkja, den 3dje part får kongen. Sumtid får han ymse andre innkomer. **BERG**, ei kyrkje 2 mil nordanfor Torsken. Der ror 20 båtar med heimfolk og framande. 1 1/2 mil nordan for er **MEYFJORD** med ei kyrkje. Der bur presten, og 80 båtar ror der. Endå 1 1/2 mil lengre nord ligg **ØYFJORD** med ei kyrkje. Her ror berre 20 båtar, mest heimfolk som er blitt buande, men nokre er flytte bort på grunn av misleg fiske. Denne kyrkja står no til nedfalls, og fell ho ned, så blir ho ikkje meir bygd opp. Desse kyrkjer blir bygde og haldne ved like av almugen som kjem hit for å ro fiske.

I Mefjord er ikkje jorder, berre 10 eller 12 husmenn. Presten har heller ikkje jord, berre gras til ei ku eller to. Dei som bur der, gjev han om lag 1 våg, andre 2 pund fisk. Av kvar utrorsbåt får han 1 sperre fisk etter mannen på båten, og tiende av 3 båtar: 1 på Berg, 1 i Mefjord og 1 i Øyfjord.

HILLESØY er ei kyrkje som ligg uti Troms futeri, likevel fell kyrkje og presteparten av tienda der til Trondenes. Der kan bu ikring 30 mann. Presten som gjer tjeneste der, har inkje av bispen utan tienda av 2 båtar. Elles gjev kvar mann 1 våg eller 2 pund for tenesten hans liksom i andre fiskevær.

N.B. Dei har pålagt prestane å oppgjeva denne gåva frå bonden og svara av same gåva prinsesse-skatten eller andre skattar som blir pålagt, liksom det var ein fri presteleg rett som bonden kan ha inne når han vil. Til alle desse kyrkjer skaffar bispen vin og brød. Bispen sine fisketiender har no på nokre år ikkje vore over 300 våger torsk og omlag 20 våger rav, men dei i farne tider då fisket var godt, var 800 eller 900 våger. Så mykje har fiske minka, og det er enno 10 eller 20 båtar som årlig blir borte med mann og alt."

Kommentar K.Rauø 1985:

Resten av dokumentet angår ikke vårt område og er derfor ikke tatt med.